

Vedlegg 1 - Arbeid med innsparing og omstilling

Innhold

Kvifor har Fjaler kommune økonomiske utfordringar?	1
Kva har vi fått til?	2
Høg gjeld	3
Kvifor må vi spare og omstille?	3
Korleis har det vore jobba med innsparing – frå 2024?	3
Kostnader innan skule	4
Kvifor har kostnadene auka?	4
Arbeidet dei siste to åra	5
Kvifor blir skulestrukturen vurdert?	5
Kvifor må vi sjå på dei store tenesteområda?	6
Fjaler kommune sitt investeringsbehov	7
Mange behov – men lite pengar til investeringar	7
Kva skjer når vi ikkje kan investere?	8
1. Mange bygg og anlegg treng vedlikehald	8
2. Vi treng fleire omsorgsbustader	8
Vi må prioritere	9
Kor mykje pengar manglar vi?	9
Kvifor kan vi ikkje berre låne meir pengar?	10
Vi må få ein sterkare økonomi først	11
Oppsummert	11

Kvifor har Fjaler kommune økonomiske utfordringar?

Fjaler kommune har dei siste åra hatt store økonomiske utfordringar. Vi har brukt meir pengar enn det som er økonomisk berekraftig over tid.

Dei viktigaste årsakene er:

- **Høg gjeld:** Fjaler har mykje lån. Det gjer at kommunen må bruke mykje pengar på renter og avdrag. Vi brukar om lag 10 millionar kroner meir i året enn det som er

anbefalt. Dersom vi tek omsyn til dagens rentenivå, er forskjellen om lag 15 millionar kroner.

- **Bruk av konsulentar:** Kommunen har brukt mykje pengar på innleigde konsulentar, særleg innan helse og oppvekst.
- **Kostnader i skule og barnehage:** Vi brukar meir pengar på oppvekst enn mange andre kommunar vi samanliknar oss med.

Det som set særleg press på økonomien framover

- **Fleire eldre:** Det blir fleire eldre i Fjaler. Derfor må kommunen investere i helse- og omsorgstenester slik at vi har nok plassar og kapasitet i framtida.
- **Behov for nye investeringar:** Vi treng også pengar til vegar, bruer, vatn og avløp.
- **Bygningsmasse som treng vedlikehald:** Ei undersøking av skulebygga samt bygga ved Helsetunet viser at det er behov for store investeringar. Vi må enten gjere omfattande vedlikehald eller byggje nytt. Å utsetje investeringsprosjekt kan auke kostnadane på kort og på lang sikt. Ved Flekke har vi midlertidig løysing ved bruk av brakker som òg gir ekstra kostnader.

Kva har vi fått til?

Kommunen har jobba systematisk med å få betre kontroll på økonomien dei siste åra. Vi har fått til meir enn det som først var planlagt, men vi er ikkje ferdige. Vi må halde fram med arbeidet.

Dette er noko av det vi har fått til i 2025:

- **Mindre gjeld:** Vi har ikkje teke opp nye lån. Samtidig har inntektene auka. Derfor har gjelda blitt mindre samanlikna med inntektene våre.
- **Mindre bruk av konsulentar:** Vi har redusert bruken av innleigde konsulentar, særleg innan helse.
- **Mindre sjukefråvær:** Sjukefråværet har gått ned frå 9,6% til 7,7%.
- **Betre kontroll på pengebruken:** I 2025 brukte alle sektorane i kommunen like mykje eller mindre pengar enn det som var planlagt i budsjettet.
- **Meir effektiv drift:** Vi driv no om lag 5% meir effektivt enn kommunane i kommunegruppe 5, som er kommunane vi samanliknar oss med.
- **Lågare kostnader i skulen:** Forskjellen mellom det Fjaler brukar på skule og det samanliknbare kommunar brukar, er redusert frå om lag 10 millionar kroner til 2,2 millionar kroner.

Høg gjeld

I 2021 hadde Fjaler kommune om lag 500 millionar kroner i lån. Det tilsvarer rundt 140% av inntektene våre. Det er nesten dobbelt så mykje gjeld som det som blir tilrådd.

KS, som er organisasjonen for norske kommunar, tilrår at kommunane ikkje har lån som er høgare enn 75 prosent av dei årlege inntektene.

På grunn av den høge gjelda har Fjaler sidan 2021 ikkje teke opp meir lån enn det vi betalar tilbake kvart år. Vi betalar tilbake om lag 16 millionar kroner i lån kvart år.

Dette har gjort at gjelda gradvis har blitt mindre. I dag er gjelda redusert til om lag 110% av inntektene. Det er likevel framleis rundt 150 millionar kroner meir i gjeld enn det nivået som blir tilrådd.

At vi ikkje har teke opp nye lån, har vore viktig for å få kontroll på økonomien. Samtidig har det gjort at vi har hatt mindre pengar til nødvendig vedlikehald av bygg, vegar og bruer.

Når vedlikehald blir utsett over lang tid, kan det etter kvart føre til større problem. Det kan mellom anna påverke arbeidsmiljøet til dei som jobbar i kommunen, og kvaliteten på tenestene vi gir innbyggjarane.

Kvifor må vi spare og omstille?

Vi må halde fram med å redusere gjelda og få ned kostnadene våre. Samtidig må vi bruke pengane på dei tenestene innbyggjarane treng mest.

Det betyr at kommunen må sjå på **kva vi gjer, korleis vi gjer det, og kva vi har råd til.**

Målet er å få ein økonomi som er sterk nok til at Fjaler også i framtida kan gi gode og trygge tenester til innbyggjarane.

Korleis har det vore jobba med innsparing – frå 2024?

Plan for innsparing

I juni 2024 vedtok kommunestyret ein plan for å spare inn til saman **20 millionar kroner i perioden 2024–2028.**

Det viktigaste målet var å få ein økonomi som kommunen kan leve med over lang tid. Vi må ha nok pengar til å gi gode tenester også i framtida, og samtidig ha råd til å gjere nødvendige investeringar.

I arbeidet med innsparing har kommunen lagt vekt på (prinsipp frå innsparing som var vedteke av kommunestyre juni 2024):

a. Tenester som er dyrare samanlikna med andre.

b. Tiltak som gir varig effekt.

c. Der det er mogeleg å gjere endringar innan 3 år.

e. Det skal takast omsyn til behov for omstilling med omsyn til auke i tal eldre og at det blir færre elevar i skulen dei neste år.

Kostnader innan skule

Då arbeidet med innsparing starta i 2024, brukte Fjaler om lag **10 millionar kroner meir på oppvekst** enn kommunane vi samanliknar oss med.

Vi samanliknar oss mellom anna med **kommunegruppe 5**. Denne gruppa består av 33 kommunar som har omtrent same type økonomi og inntekter som Fjaler.

Dette har endra seg mykje over tid.

I 2016 brukte Fjaler om lag **10 millionar kroner mindre** på skule enn kommunegruppe 5. På åtte år gjekk vi altså frå å bruke 10 millionar mindre til å bruke 10 millionar meir. Det er ei endring på om lag **20 millionar kroner**.

Ein stor del av denne endringa kom frå undervisning (202 i Kostra). Kostnadene til undervisning auka med om lag **12,5 millionar kroner**. Seinare har vi sett at noko av kostnadene som først vart rekna med, høyrer til andre typar undervisning, mellom anna vaksenopplæring. Den reelle forskjellen er derfor nokre millionar kroner mindre.

Kvifor har kostnadene auka?

Det er fleire grunnar til at kostnadene har auka.

Mellom anna har kommunen brukt meir på **assistentar og andre ressursar for elevar som treng ekstra hjelp**. Det har også vore meir bruk av konsulentar.

I denne perioden har det skjedd endringar i skulestrukturen:

- Guddal skule vart lagt ned.
- Ungdomsskulen i Dale vart slått saman med barneskulen til ein felles skule.

Dette viser at det ikkje berre er talet på skular som bestemmer kor mykje skulen kostar.

Kostnadene blir også påverka av mellom anna:

- kor mange tilsette vi har
- kva kompetanse dei tilsette har
- korleis undervisninga blir organisert
- kor mykje hjelp og tilpassing kvar elev treng

- korleis ressursane blir fordelte mellom skulane.

I saksutgreiinga er det derfor også sett på kor mykje kommunen kan spare **utan å endre dagens skulestruktur**.

Arbeidet dei siste to åra

På grunn av dette har arbeidet med innsparing innan oppvekst dei siste to åra først og fremst handla om å **drive betre og bruke pengane meir effektivt**, og ikkje om å endre talet på skular.

Dette er i tråd med føringane kommunestyret har gitt.

I desember 2024 vedtok kommunestyret at kommunen skulle bruke ekstern hjelp i det vidare arbeidet med innsparing.

Kommunestyret sa samtidig at arbeidet skulle ha fokus på å **drive meir effektivt**, og at målet skulle vere å **oppretthalde skulestrukturen**.

Våren 2025 tok kommunen i bruk ein ny måte å lage skulebudsjett på. Målet er å få betre kontroll på kostnadene og sørge for at skulane får ressursar på ein meir lik måte.

Vi har fått ned forskjellen

Dei nyaste tala frå juni 2026 viser at utviklinga går i riktig retning.

I 2024 brukte Fjaler om lag **10 millionar kroner meir på oppvekst** enn kommunegruppe 5.

No er forskjellen redusert til **2,2 millionar kroner**.

Det betyr at vi har nærma oss dei andre kommunane mykje.

Samtidig brukar Fjaler **20,8 millionar kroner mindre på pleie og omsorg** enn kommunegruppe 5.

Det er viktig å hugse at slike samanlikningar ikkje fortel om kommunen har gode eller dårlege tenester. Dei viser først og fremst om vi brukar meir eller mindre pengar enn andre kommunar, og kan gi oss eit hint om kvar det kan vere mogeleg å spare.

Budsjett- og handlingsprogrammet for 2026–2029 viser likevel at Fjaler framleis har ei økonomisk utfordring. Derfor må vi jobbe vidare med eit mål om å betre økonomien med **15 millionar kroner**.

Kvifor blir skulestrukturen vurdert?

I november 2025 fekk kommunedirektøren i oppdrag frå kommunestyret å undersøkje både dagens skulestruktur og andre moglege løysingar.

Målet var å sjå på:

- kvaliteten på opplæringa

- økonomien
- kor mange elevar vi kan vente å få i framtida
- tilstanden og storleiken på skulebygga
- kva skulane betyr for lokalsamfunna.

Utgreiinga skal gi politikarane eit godt grunnlag når dei skal diskutere og ta stilling til framtidig skulestruktur.

Innsparing fram mot 2030

Hovudrapporten «**Omstilling og innsparing 2026–2030**» vart behandla av kommunestyret i juni 2026.

Rapporten viser at det er mogeleg å nå målet om å spare **15 millionar kroner**.

Men det vil krevje fleire krevjande endringar.

Ein av dei er å vurdere **skulestrukturen**.

Andre moglege tiltak er:

- betre samarbeid mellom dei ulike tenestene i kommunen
- mindre bruk av overtid
- mindre bruk av vikarar
- å samle fleire tenester på same stad
- å bruke velferdsteknologi betre.

Velferdsteknologi betyr å bruke teknologi som kan hjelpe menneske i kvardagen. Det kan til dømes vere digitale løysingar som gjer det mogeleg for eldre å klare meir sjølve eller få hjelp utan at ein tilsett alltid må vere fysisk til stades.

For å få til slike endringar må kommunen planleggje godt. Nokre tiltak krev også pengar til investeringar før vi kan spare pengar. Det er ei utfordring når kommunen allereie har ein pressa økonomi.

Kvifor må vi sjå på dei store tenesteområda?

Helse og oppvekst står for om lag **80 prosent av dei samla kostnadene i kommunen**.

Det betyr at det er avgrensa kor mykje kommunen kan spare dersom vi berre ser på dei andre sektorane.

Skal vi spare 15 millionar kroner, må vi derfor også sjå på dei store tenesteområda – mellom anna helse og oppvekst.

Kva skjer med folketalet?

Fjaler vil få **fleire eldre** i åra som kjem.

Talet på barn og unge mellom 0 og 15 år ser derimot ut til å halde seg ganske stabilt. Mot slutten av perioden, fram mot 2040, kan talet kanskje auke litt.

Det betyr at behovet for tenester til eldre vil auke, medan behovet for skuleplassar truleg ikkje vil auke tilsvarande.

Samtidig viser undersøkingane at dei eksisterande grunnskulane i Fjaler har **meir plass enn det vi truleg vil trenge i åra framover**. Dette gjeld særleg kor mykje plass det er i skulebygga.

Dette er ein av grunnane til at skulestrukturen blir vurdert som ein del av arbeidet med innsparing.

Oppsummert

- Fjaler har sidan 2024 jobba systematisk med å få ned kostnadene og få betre kontroll på økonomien.
- Kostnadene innan oppvekst er reduserte samanlikna med andre kommunar. Forskjellen er gått frå **10 millionar kroner til 2,2 millionar kroner**.
- Kommunen har først og fremst prøvd å spare pengar gjennom betre drift og meir effektiv bruk av ressursane.
- Det er likevel ikkje nok til å løyse heile den økonomiske utfordringa.
- Kommunen har eit mål om å spare **15 millionar kroner**.
- **Endringar i skulestrukturen er eitt av tiltaka som blir vurderte for å nå dette målet. Men, sjølv med endringar i skulestruktur må vi halde fram med omstillingsarbeid.**
- Når vi vurderer framtidas skular, har vi vurdert både økonomi, kvalitet, elevtal, skulebygg og kva skulane betyr for lokalsamfunna.

Fjaler kommune sitt investeringsbehov

Mange behov – men lite pengar til investeringar

I rapporten «**Omstilling og innsparing 2026–2030**», som kommunestyret behandla 18. juni 2026, vart det lagt fram ein førebels oversikt over kva Fjaler kommune kan få behov for å investere i dei komande åra.

Å investere betyr at kommunen brukar pengar på noko som skal vare lenge, til dømes eit skulebygg, ein veg, ei bru eller bustader.

Fjaler har i dag mange slike behov. Problemet er at vi ikkje har pengar nok til å betale for alle investeringane.

Sidan 2021 har kommunen hatt ein regel om at vi ikkje skal ta opp meir lån enn det vi betalar tilbake på gamle lån kvart år. Det betyr at vi kan ta opp om lag **16 millionar kroner i nye lån per år**, men berre dersom vi samtidig betalar tilbake om lag det same beløpet.

Målet med denne regelen er å få ned gjelda.

I 2021 hadde Fjaler ei gjeld som tilsvarer om lag **140 % av dei årlege inntektene**. Målet er å komme ned mot det tilrådde nivået på **75 %**.

I dag er gjelda redusert til om lag **110 prosent av inntektene**. Det betyr at vi framleis har rundt **150 millionar kroner meir i gjeld enn det tilrådde nivået**.

Den høge gjelda gjer også at vi må bruke mykje pengar på renter og avdrag. I dag er desse kostnadene om lag **10 millionar kroner høgare per år enn det som er tilrådd**.

Kva skjer når vi ikkje kan investere?

At kommunen har lite pengar til nye investeringar, har etter kvart fått store konsekvensar.

1. Mange bygg og anlegg treng vedlikehald

Vi har eit stort og aukande behov for vedlikehald av bygningar, vegar, bruer og annan infrastruktur.

Berre innan helse er gjennomsnittsalderen på bygningane over **35 år**.

Det betyr at fleire av bygga våre er gamle og treng oppgradering.

På sjukeheimen har nødvendig oppgradering av mellom anna **kjøkken, dagrom og andre fasilitetar** blitt utsett. Eit førebels estimat viser at dette kan koste om lag **10 millionar kroner**.

Når vedlikehald blir utsett lenge, kan det bli dyrare å reparere eller fornye bygningane seinare.

2. Vi treng fleire omsorgsbustader

Fjaler får fleire eldre i åra som kjem.

Nokre av dei vil trenge meir hjelp og ein bustad som er tilpassa behova deira. Derfor vil behovet for **omsorgsbustader** auke både på kort og lang sikt.

Ei omsorgsbustad er ein bustad som er tilpassa personar som treng meir hjelp enn dei kan få i ein vanleg bustad.

Behov for fleire bustader i sentrum

I februar 2026 vart det gjennomført ein workshop om bustader. Her vart ulike løysingar diskuterte på bakgrunn av analysar frå Agenda Kaupang.

Eitt av dei mest aktuelle alternativa viser at Fjaler kan få behov for om lag **40 nye bustader i sentrum fram mot 2040.**

Vi har derfor starta arbeidet med ein **bustadplan.**

Bustadplanen skal hjelpe kommunen med å finne ut:

- kor mange bustader vi treng
- kva type bustader vi treng
- kvar dei bør liggje
- korleis dei kan finansierast
- kor mykje kommunen sjølv kan og bør investere.

Det er viktig å finne gode løysingar før kommunen bestemmer seg for store investeringar.

Vi må prioritere

Fordi kommunen har lite pengar til investeringar, må vi vere forsiktige med å bruke pengar på nye bygg og eigedommar.

Det betyr at investeringar som **ikkje er nødvendige for å løyse eit reelt behov**, ikkje bør prioriterast no.

Vi må først bruke pengar på det som er viktigast og mest nødvendig.

Kor mykje pengar manglar vi?

Før vi tek med eventuelle framtidige investeringar i nye bustader, manglar kommunen om lag **179 millionar kroner i finansiering** til dei investeringane vi allereie ser behov for.

I dette reknestykket er også ein mogeleg investering i **Flekke skule på 98 millionar kroner** teken med.

Investeringsbehov	2026-29	2030-35	2036-41	15 år total	
Finansiering					
Handlingsregel 16 mill pr år	64	80	80	224	
Investeringsbehov					
Kartlagt vedlikehaldsbehov	93	95	4	192	som følgje av alder
Heildøgns omsorgsbustader, base for heimehjelp	37			37	fleire eldre
Omsorgsbustader og institusjon					behov frå 40-74 fleire bustader i sentrum
Flekke barnehage		34		34	Enten vedlikehald eller nybygg
Dingemoen skule	12			12	garderobar
Våge skule		30		30	vedlikehald
Flekke skule		98		98	ynskje
Estimert investeringsbehov	142	257	4	403	
Finansieringsbehov (utover handlingsreglen)	-78	-177	76	-179	

Det betyr ikkje at kommunen skal bruke 179 millionar kroner med ein gong. Talet viser kor mykje finansiering som manglar dersom alle desse behova skal løysast innanfor den perioden som er vurdert. Med unntak av heildøgnsbemanna omsorgsbustader er det ikkje teke med investering i nye bustader innan helse.

Dette viser kor viktig det er å prioritere mellom dei ulike behova.

Kvifor kan vi ikkje berre låne meir pengar?

Det kan vere freistande å ta opp meir lån når kommunen treng nye bygg eller andre investeringar.

Men lån må betalast tilbake.

Når kommunen låner pengar, må vi kvar månad eller kvart år betale:

- **renter** – betalinga vi må gi banken for å få låne pengane
- **avdrag** – pengane vi betalar tilbake på sjølve lånet.

Meir lån betyr derfor at kommunen må bruke meir pengar på renter og avdrag i framtida.

Det blir pengar som ikkje kan brukast på til dømes skule, helse, eldreomsorg og andre tenester.

Kva skjer dersom gjelda aukar?

Dette vart illustrert i ein presentasjon som vart brukt i møte med Statsforvaltaren 21. mai 2026.

Med dagens gjeld og rentenivå brukar Fjaler om lag **40 millionar kroner i året på renter og avdrag.**

Fjaler har framleis nokre gamle lån med lågare rente enn det som er vanleg i marknaden. Den gjennomsnittlege renta på låna våre har vore om lag 3,8 % (2025) og er no 4,37%. Etter kvart som gamle lån må fornyast, kan renta bli høgare.

Til samanlikning er marknadsrenta no rundt **5 % eller meir.**

Dersom kommunen hadde hatt ei gjeld på det tilrådde nivået på 75 % og ei lånerente på 4,5 %, ville renter og avdrag vore om lag **25 millionar kroner i året.**

Men dersom kommunen i tillegg låner **100 millionar kroner**, vil renter og avdrag samla kunne bli om lag **47,4 millionar kroner i året.**

Det betyr at eit nytt lån på 100 millionar kroner kan føre til om lag **12 millionar kroner meir i årlege kostnader enn vi har i dag.**

Samtidig vil vi vere om lag **22,5 millionar kroner over det kostnadsnivået vi meiner er nødvendig å komme ned på.**

Vi må få ein sterkare økonomi først

Fjaler kan derfor ikkje halde fram med å auke gjelda utan å få betre økonomi.

Før vi kan ta opp mykje meir lån, må kommunen få **overskot i den daglege drifta**.

Målet er å få eit overskot som tilsvarer om lag **2 % av inntektene (om lag 9 mill. kr)**.

Vi må også byggje opp eit **disposisjonsfond**.


Eit disposisjonsfond kan samanliknast med ein sparekonto for kommunen. Pengane på denne kontoen kan brukast når kommunen får uventa utgifter eller treng pengar til viktige tiltak.

Målet er å byggje opp fondet over ein periode på **fire til fem år**.

Når økonomien er sterkare og vi har spart opp pengar, vil kommunen få større mogelegheit til å gjennomføre nødvendige investeringar.



Kva er konsekvensen av auke i gjelda



Oppsummert

Fjaler kommune har mange viktige ting som må byggjast, oppgraderast eller vedlikehaldast.

Samtidig har kommunen mykje gjeld og lite pengar til nye investeringar.

Vi må derfor:

- prioritere dei viktigaste investeringane
- ta vare på og vedlikehalde bygga og infrastrukturen vi allereie har
- planleggje behovet for omsorgsbustader og andre bustader
- vere forsiktige med å ta opp nye lån

- få betre økonomi i den daglege drifta
- byggje opp pengar på disposisjonsfondet.

Målet er å få ein sterkare økonomi slik at Fjaler etter kvart kan gjennomføre dei viktigaste investeringane utan å ta på seg ei gjeld som kommunen ikkje har råd til å betale tilbake.

Ola Hovland

kommunedirektør

12.8.26